

REFERAT FELLESMØTE BYKLE KOMMUNE FAU

STAD: Personalrom Bykle barne- og ungdomsskule

Saksliste:

Sak 1/24 Høyring Hegni

Viktig at FAU og elevane får uttale seg når det kjem 2.gongs høyring på planar for Hegni. Eit viktig område for alle på Hovden.

Sak 2/24 Barnevakten

Det var eit felles arrangement i vinter på Grendehuset med Barnevakten om born/unge og bruk av spill og sosiale medier.

Oppmøte var ikkje allverden, men fleire har etterlyst eit nytt treff kor også elevane bør vere med.

Felles FAU ynskjer dette ein torsdag etter vinterferien. Gisle sørgjer for det praktiske.

Sak 3/24 Interpellasjon Bykle kommunestyre

Me hadde ein god diskusjon om interpellasjon som blir lagt fram for kommunestyret på møtet 05.12

Om kommunestyret ynskjer ein sak på dette vil det vere naturleg å høyre meir kva FAU ved baa skulane meiner.

Det var stor einigheit om at me må gjere meir saman på tvers av dei to bygdene me lever i. Skulen aleine kan ikkje gjere dette. Mykje gode innspel:

- Sjå på felles arrangement (dømme karneval)
- Felles aktivitetar i regi av våre idrettslag
- Kanskje tenke ein felles dagleg leiar for våre to idrettslag

Sak 4/24 Anna

Det vart teken opp å gjere noko med årskortprisane for dei vaksne. I dag er det dyrt både på skisenter og badeland.

FAU sender ein førespurnad om dette til ordførar for å sjå om det kan gjerast noko for neste år.

Bykle 29.11.2024

Lars Erik Domaas og Gisle B Espedalen

Neste felles FAU møte 16.januar på Fjellgardane skule klokka 17.00